

Prosjekt

Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i Hordaland 2014-2017

Osterøy kommune ønsker å **gjennomføre** kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder i tråd med rettleiar M98-13. Kartlegginga legg særleg vekt på nærmiljøområder, ferdselsårer og grøntområde i og nær busetnad/tettstader.

Sett kryss for oppstart 2015

Organisering

Prosjekteigar:

Kommunen gjennomfører kartlegginga og eig datagrunnlaget, og er einaste instans som kan oppdatere data frå kartlegginga. Arbeidet bør forankrast politisk gjennom ei oppstartssak/melding til kommunestyret i forkant av kartlegginga og ein rapport når kartlegginga er ferdigstilt. Vedlagt er forslag til oppstartssak til heradsstyret.

Prosjekteigar: Osterøy kommune

Kommunen si vurdering av politisk forankring av arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder:

Lokal prosjektleiar: Ansvar for å koordinere arbeidet i tråd med M98-13 med oppfølging av arbeidsgruppe og referansegruppe. For dei kommunane som ønsker friluftsråd som lokal prosjektleiar inngår Hordaland fylkeskommune ein felles avtale for desse kommunane og betalar tildelte midlar til friluftsråda.

Lokal prosjektleiar: Viviann Kjøpstad

Osterøy kommune vil vurdere om ein ønsker bistand til lokal prosjektleiar eller om vi ønsker å ta denne rolla sjølv når vi har meir informasjon om kva bistand vi evt kan få dersom friluftsrådet er lokal prosjektleiar. Vi har høve til å ta denne rolla sjølv om det skulle verte naudsynt.

Forslag til deltagarar i lokal arbeidsgruppe og referansegruppe:

- Viviann Kjøpstad, lokal prosjektleiar
- Representasjon frå aktuelle delar av kommuneadministrasjonen som har kunnskap om og oversikt over arealbruk og friluftslivsinteresser
- Representantar frå aktuelle natur-, fritids- og friluftslivsorganisasjonar
- Folkehelsekoordinator *-vert vurdert*
- Barnetalsperson *— " —*
- Skule/barnehage *— " —*
- Turlag/jeger og fiskeforeiningar/ speidar/idrettslag *vert vurdert*
- andre ressurspersoner verta trekte inn ved behov
- Andre fivillige organisasjonar vert vurdert.

Prosjektkoordinator: Fylkeskommunen har rolla som prosjektkoordinator og skal motivere kommunane til igangsetting, gje fagleg oppfølging undervegs, sikre erfaringsutveksling mellom kommunar, bidra med malar og rasjonalisere arbeidet.

Prosjektkoordinator: Eirik Knive, Hordaland fylkeskommune

GIS-koordinator:

Topologisere, digitalisere og kvalitetssikre innkomne data. GIS-ansvarleg kan bistå med å klargjere data for utlegging på nett (SOSI standard). GIS-koordinator: Torbjørn Eidsheim Bøe, HFK

Arbeidsplan

Oppgåve	Framdriftsplan
Forprosjekt kartlegging av funksjonell strandsone	2014
Utarbeiding av prosjektplan og tidsplan	April 2015
Nedsetting av arbeidsgruppe og referansegruppe,	Mai 2015
Oppstartsvedtak,	Mai 2015
Første møte i arbeidsgruppa: Metodikk/arbeidsform, få tak i informasjon om friluftsområda, avgrensing områder/test av metodikk	Sept 2015
Systematisering av eksisterande informasjon, kontakt mot barnehagar og skular (med vekt på tettbygde område)	Okt 2015
Møte i arbeidsgruppa: Avgrensing og skildring av friluftsområde	Okt 2015
Møte i arbeidsgruppa: Verdisetting av friluftsområda, ferdigstilling av manuskart og tilhøyrande tabell med eigenskapar og skildring for kvart område	Nov 2015
Digitalisering av friluftsområda og utarbeiding av enkelt kart på nett (for kvalitetssikring)	Feb 2016
Rapportskriving (kort oppsummering av gjennomført arbeid)	Mars 2016
Kvalitetssikring (evt. ei enkel høyring) og eventuelle justeringar	April 2016
Møte i arbeidsgruppa: Korrektur kart	Mai 2016
Ferdigstilling av digitalisering/SOSI-fil og kort rapport	Mai 2016
Presentasjon i heradsstyret	Juni 2016

Ressursbruk: Arbeidsinnsatsen frå administrasjonen og deltakarar i prosjektgruppa vil utgjere til saman 3-4 vekerverk. I tillegg kan det eventuelt kome nokon avgrensa møte- og reisekostnader i samband med arbeidsgruppa. Arbeidsinnsatsen utgjer eigeninnsatsen for kommunen.

Kostnader i samband med koordinering, prosjektleiing, digitalisering av materialen og ferdigstilling av kartfil (SOSI-fil) vert dekt inn av midlar frå Hordaland fylkeskommune og Miljødirektoratet.

Budsjett for Osterøy kommune

År	Budsjett for vertskommune	Sum
2015	Lokal prosjektleiing , sekretærfunksjon	40 000
	Arbeidsgruppe inkl.møte og reisekostnader, evt frikjøp av frivillige til møteverksemd på dagtid	10 000
	Digitalisering og etterarbeid	30 000
	SUM	80 000
2016	Lokal prosjektleiing , sekretærfunksjon	30 000
	Arbeidsgruppe inkl.møte og reisekostnader, evt frikjøp av frivillige til møteverksemd på dagtid	15 000
	Digitalisering og etterarbeid	40 000
Totalt	SUM	165 000

Finansieringsplan for Osterøy kommune

År	Skildring	Sum
2015	Eigeninnsats frå kommunen	30 000
	Eigne midlar frå kommunen	10 000
	Prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune	40 000
	Sum	80 000
2016	Eigeninnsats frå kommunen	30 000
	Eigne midlar frå kommunen	15 000
	Prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune	40 000
	Skjønnsmidlar frå fylkesmannen	
Totalt	SUM	165 000

For kommunen:



Viviann Kjøpstad
Osterøy 13.02.2015

Send til:

Hordaland fylkeskommune innan 15.02.2015 på e-post : hfk@hfk.no

Merk søknaden med saksnummer: 15/20396

